

INFORMASJON OM ABONNEMENT

Abonnement på elektronisk lærarressurs

- *Signatur 3* har inga lærarrettleiing i papirutgåve.
- Eit abonnement omfattar inntil 10 brukarar ved same skole.
- Når brukar nummer 11 registrerer seg, vil skolen bli fakturert for eit abonnement til.
- Abonnementsperioden følgjer skoleåret og gjeld fram til 31. juli.
- Pris per abonnement er 600 kroner.
- Abonnementet blir automatisk vidareført til det blir sagt opp.
- Alt stoff i lærarrettleiinga er samla under dei ulike kapitla i mapper med namnet «Lærarressursar».

Registrering av abonnement

- Nye brukarar må registrere seg som abonnent ved første pålogging.
- Gå inn på nettsidene til *Signatur 3*.
- Klikk på alternativet «Logg inn» til venstre i biletet. Følg lenkja nedst: «Er du ikkje registrert?». Fyll inn e-post-adressa di. Du får då ein e-post med lenkje til registreringssida. Følg lenkja og registrer deg.
- Nye brukarar får tilgang med ein gong etter registrering.
- Dersom du alt er registrert som abonnent av ein annan lærarressurs frå Samlaget, tek du i bruk same brukarnamn og passord. Passordet er personleg.
- Når ein brukar er logga på, kan han klikke på «Admin» øvst i skjermbiletet for å endre passord.
- Den første som registrerer seg på ein skole, opprettar abonnementet. Denne brukaren står som skoleadministrator.

Skoleadministrator

- Faktura til skolen vil stå i namnet til skoleadministratoren.
- Skoleadministratoren har tilgang til opplysningar om skolens abonnement. Denne informasjonen finn skoleadministratoren dersom han loggar seg inn og klikkar på «Admin» øvst i skjermbiletet.
- Ved hjelp av Admin-funksjonen kan skoleadministratoren slette brukarar, endre kva abonnement som er knytt til kven og flytte skoleadministratorfunksjonen til ein annan registrert brukar ved skolen.
- Skoleadministratoren kan *ikkje* registrere nye brukarar. Nye brukarar må registrere seg sjølv! Sjå «Registrering av abonnement».
- Skolen kan berre ha éin administrator for alle sine abonnement hos Samlaget.

Vil du prøve lærarressursen utan å teikne abonnement først?

Klikk deg inn på nettressursane for kapittel 2 «Retorikk». Her kan du prøve ut stoff i lærarressursen.

Ta kontakt med skolebokinfo@samlaget.no dersom du har spørsmål om abonnement.